

August, september, oktober 2017, årgang 6, nr 3

# Kyrkje og kultur i Sirdal



## Reformasjonen på ein-to-tre

Side 4-6 og side 8-9

## Trim for tanken og lattermusklane

Side 10

## Kultursidene

Side 18-28

## «Å syng med hjertet»

«Koffor syng me aldri salmā mi?» Om trent sånn var det hun sa det, på en samling i Sirdal på begynnelsen av 80-tallet hvor vi snakket sammen om gudstjenesten. Jeg hadde vært sokneprest i Sirdal i et par år og ville gjerne ha synspunkter på salmevalget.

«Salmā mi?» Hvilken var det hun tenkte på? «**Å, at jeg kunne min Jesus prise**», nr 375 i Salmeboken. Hun fortalte oss hva den salmen hadde betydd for henne. Det ble en fin samtale hvor alle som var til stede, delte noen tanker om salmer som de hadde et spesielt hjerteforhold til. Og jeg fikk en påminnelse om hvor viktig salmevalget i gudstjenesten er.

Salmene skal velges ut fra søndagens tekster og tema. Men like viktig er det å velge salmer som hjelper oss til å uttrykke vår tro både med ord og melodier som vi kjenner oss hjemme i. Dette er en viktig påminnelse i 2017, i forbindelse med feiringen av reformasjonssjubileet.

Martin Luthers store visjon var en gudstjeneste med både bibellesning og salmesang på mormålet. Han skrev om dette i et brev til sin gode venn og medarbeider Georg Spalatin, sannsynligvis i desember 1523: «*Nåde og fred. Etter profeters og kirkefædres eksempel tenker jeg på å skape tyske salmer for folket, for at Guds ord kan bli i folket også ved sangens hjelp*». Han klaget over mangel på diktere, og utfordret Spalatin til å bidra. Selv kom han, med sine mer

## Reformasjonen 1517, og kva no?

Dei 95 tesane på kyrkjedøra i Wittenberg og det som fylgde etter, må me seia var eit jordskjelv i kyrkja – eit naudsynt jordskjelv, slik pavekyrkja hadde utvikla seg. Kyrkja vart splitta, vi fekk dei lutherske, dei reformerte kyrkjesamfunna og andre evangeliske kyrkjesamfunn.

Men ikkje berre det, sterke krefter i den katolske kyrkja såg også at det var naudsynt med endringar. Vi fekk motreformasjonen som nok i utgangspunktet mykje kom for å stoppa fråfallet frå den katolske kyrkja, med som også ga store endringar der.

Med reformasjonen fylgde mykje strid og krig mellom ulike grupper i trettiårskrigen, men den enda med "Freden i Westfalen" sine traktatar, som kan seiast er grunnlaget for det moderne statssystemet i Europa. Som Magnar Undheim skriv lenger ut i bladet, var den også viktig for demokratiutviklinga, ikkje minst fordi den

skapte behov for at folk skulle læra å lesa, slik at dei sjølv kunne lesa Bibelen. Lesekunnskapen er og på mange vis grunnlaget for utviklinga av heile det moderne samfunnet.

I dag møter den verdsvide kyrkja nye utfordringar. I vårt moderne kommunikasjonssamfunn møter vi på ein heilt annan måte enn tidlegare andre religionar og det generelle fråfallet frå religion, som vi kallar sekularisering.

Som kristne er det naudsynt at vi står saman om det viktigaste, den glade bodskapen om at Jesus kom til jorda for å gå i vår stad og opna vegen til Gud for oss. I denne samanhengen er det interessant og spanande at både dei reformerte og dei lutherske kyrkjene, i dette jubileumsåret for reformasjonen, formelt søker fellesskap med den katolske kyrkja ved å underteikna ulike dokument.

Lars Audun Fodstad

enn 40 salmer, til å bidra mer enn de fleste.

I Luthers salmer merker vi angsten for døden og Guds dom, som var svært utbredt på Luthers tid. Her skinner også hans egen kamp og hans frigjørende oppdagelse igjennom – at man ikke trengte å gjøre seg fortjent til frelse, men blir rettferdiggjort ved troen på Kristus. I «salmā mi» til min gamle venn i Sirdal gjenkjenner vi samme tematikk. «Jeg gikk i blinde, jeg lå i døden, og mørkets fyrste holdt meg ganske fast» (v.2). Og så det frigjørende budskapet i resten av salmen (v. 3-7), uttrykt som takk og lovprisning: «*Ha takk, o Jesus for korsets smerte, for døden og for dine mange sår! Der fikk jeg fred for mitt arme hjerte, og vinteren ble til en herlig vår.*»

Jeg merker at jeg synger med hjertet mens jeg skriver disse linjer. Lars Oftedals salme fra 1875, med en norsk folketone, er også blitt min salme. Den uttrykker min tro og mitt håp!

Sindre Eide, sokneprest i Sirdal fra 1979 til 1987

# Miljøtipset: Garn er garn...eller?

Vi har mange ulike typer garn, slik som ull, alpaka, bomull, silke - og lingarn, men visste du at vi innanfor desse kategoriane har garn som er økologisk, fairtrade-merka og resirkulert?

Garn kan vere farga og behandla på ulike måtar, men langt frå alle produksjonsmetodane er miljøvennlege, berekraftige eller etiske. For å vere sikre på at garnet vi kjøper er nettopp dette, bør vi sjå etter desse merkene:

**\*Økologisk garn:** For at garnet skal få dette merket vert det stilt krav til bl.a. miljøvennlege produksjonsprosessar, innfarging, arbeidstilhøve, dyrevelferd og

handtering av avfall. Økologisk garn er sertifisert av uavhengige organisasjonar som ikkje vert styrt av myndigheiter eller bransjar.



**\*Fairtradegarn:** Sikrar betre arbeidstilhøve og handelsvilkår for bønder og arbeidrarar i utviklingsland, så dei kan investere i produksjon, lokal-



® samfunn og skape ei berekraftig utvikling.

**\*Resirkulert garn:** Dette garnet er produsert ved å gjenbruke eksisterande tekstil /materiale som råstoff til å produsere nytt garn. Ved å hindre at tekstilar blir til avfall, samt å redusere utvinning av råvarer frå naturen for å produsere nytt garn, skåner ein miljøet for forureining av luft og vatn.



Ved å vere bevisst også når vi kjøper garn, kan vi bidra til å ta vare på miljøet og bidra til meir rettferdig handel og utvikling av fattige land.

**May Bente Øksendal Ousdal**

## Kyrkje og kultur i Sirdal: nr 3/2017

### Utgjevar:

Sirdal kyrkjelyd i samarbeid med Sirdal kommune, eining for kultur og fritid.

### Fire utgåver pr år.

### Redaksjon:

Lars Audun Fodstad, Solbjørg Tjørhom, Sven-Egil Testad og Henning Huseby Jansen.

### Kultursidene:

 Eining for kultur og fritid.

### Abonnement

Bladet blir sendt gratis til alle husstandar i

Sirdal. Utanom Sirdal er det mogleg å tinga bladet for kr 150 pr år.

### Kontaktinformasjon for abonnement og støtteannonser:

Postboks 133, 4441 Tonstad  
Tlf 38371600, e-post: post@sirdal.kyrkja.no

### Framsida:

 Fidjeland

### Foto:

 Per Magne Sinnes

### Trykk:

 Synkron Media

## Ny sangkveld i Haughom kapell

Det blir ny sangkveld **fredag 20.okt**

**kl 19.00** i Haughom kapell.

Geir Kalleberg og Flekkefjord menighetskor blir med. Allsang.

**Vel møtt!**



# Spanande tur i fotspora til Martin Luther

*«I oktober 2016 hadde vi ein tur til Tyskland der vi gjekk i Martin Luther sine fotspor. Alle byane vi vitja, Eisleben, Mansfeld, Wittenberg, Leipzig og Wartburg, ligg i det tidlegare DDR. Vi hadde Eisleben, Luther sin fødeby, som base for turen», fortel sokneprest Rolf Eriksen og kona hans Aud i denne reise-skildringa frå ein spanande tur.*



**Statue av Luther på torget i Eisleben**

Her vart Martin Luther fødd 10.nov. 1483. Foreldra hans heitte Hans og Margarethe Luder, og kom opphavelig frå Thuringendistriktet. Dei flytta til Mansfeld der far hans etter kvart etablerte seg innan bergverksindustrien. Då Martin vart fødd, hadde foreldra dradd til den årlege marknaden i Eisleben. Planen var å dra attende til Mansfeld før fødselen, men Martin 'bestemte' seg for å koma til verda før terminen.

**Dåpsbrønnen i St. Petri-Pauli Kirche er sentralt plassert i kyrkja, og er eit symbol på det nye liv vi får i dåpen og dei følgjer det får for våre liv.**



Som skikken var, vart Martin døypt dagen etter han vart fødd, i St. Petri-Pauli Kirche. Kyrkja er i dag heilt annleis enn ho var på Luther si tid.

## Foreldra til Martin

Faren gav Martin ei særstreng oppseding. Luther har sjølv fortalt at far hans ein gong straffa han så hardt at han rømde. Martin kom heim att og forsona seg med far sin, men som vaksen var han svært kritisk til den strenge oppsedinga. Han la vekt på at hans eigne born ikkje skulle oppsedast så strengt.

Far til Martin 'slo seg opp' på kopardrift og vart etter kvart ein velstående mann. Dette er bakgrunnen for at han hadde store tankar om kva utdanning sonen skulle ta. Han ville at Martin skulle studera jus - det var ein måte å lyfta Luthernamnet høigare opp på rangstigen. I stor respekt for farens sine ynskjer tenkte difor Martin å studera jus. Men på ei reise frå Mansfeld til Erfurt vart han ein gong overraska av



eit forferdeleg torever. I si redsle ropa han til St. Anna: 'Eg vil verta munk.' Dette førte han til Augustinerklosteret, og vidare til teologistudiet. Han vart ordinert i 1507, og vart seinare professor i teologi ved universitetet i Wittenberg.

**Statue av Johan Sebastian Bach. Han var kantor i den store Thomaskyrkja i Leipzig frå 1723 til han døydde.**



Luther var oppteken av at folket skulle forstå kva som vart sagt i messene. Difor la han vekt på at folket måtte få høyra forkynninga på sitt eige språk. Han innførte salmesong som fellessong, så det ikkje berre vart messing på latin. Luther skreiv mange salmar, og han skreiv og melodi til salmane.

Mykje av musikken til Bach tek utgangspunkt i lutherske hymner, og han personifiserte Luther sin tanke om å æra Gud i alle ting. Dette inspirerte han til store verk som Matteuspasjonen, Juleoratoriet osv. Nokre seier det så sterkt at det hadde ikkje vore nokon Bach utan Luther.

### **St. Andreas kirche i Eisleben**

Luther hadde ikkje god helse. Likevel vart han beden om å koma til Eisleben for å mekla mellom to gevar. Han tok



ut i vinterveret i februar 1546, og nytta samstundes høvet til å preike fleire gonger i St. Andreas Kirche. Han døydde i Eisleben 18. febr. 1546. Han vart lagd i ei kiste i denne kyrkja og så frakta til slottskyrkja i Wittenberg kor han er gravlagd.

**Wittenberg** vart på få år reformatjonen sitt midtpunkt. Her vart dei 95 tesane slått opp i 1517, her vart paven sin bannbulle brunnen i 1520, her vart Luther professor ved det universitetet som kurfyrst Fredrik den vise grunnla i 1502, og her utfalda Luther seg som predikant og forfattar.

### **Slottskyrkja i Wittenberg**



I Wittenberg ligg slottskyrkja der Luther er gravlagd. På tårnet står skrive med store bokstavar: '**Vår Gud han er så fast en borg**', kan hende som eit symbol på den kampen han førte mot pavedømmet si overmakt og maktmisbruk.

### **Kyrkjedøra til Slottskyrkja.**



Her slo Luther opp dei 95 tesane. Slottskyrkjedøra vart brukt som oppslagstavle for universitetet som låg like ved. Om nokon ynskte offentlig diskusjon over eit stridsspørsmål, gjorde ein det slik. Luther sin tanke var å rydja opp i ei misforståing då han slo opp sine 95 tesar på latin. Dagleg hørde han nemlig skriftemål frå folk som klaga på avlatshandelen. Luther trudde ikkje at paven og øvste leiinga av kyrkja kunne stå bak. Inntektene gjekk i hovudsak med til å finansiera Peterskyrkja i Roma, som var under bygging. Han trudde heller ikkje at tesane skulle få så store følgjer, men nettopp det hende. Tesane vart oversett til tysk, og med det vidt kjent. Og reaksjonen frå paven kom snart.

*(framhald på neste side)*



### **Luther-eika der han kasta bannbullen frå paven på bålet**

Sommaren 1520 sende pave Leo X ut ein bannbulle mot Luther. Han fekk frist på nokre månader til å trekkje attende sine klager mot pavedømmet. Om han nekta, ville han verta støytt ut av kyrkja. 1. desember gjekk fristen ut. Same dagen kasta Luther bannbullen, og fleire katolske skrifter, på bålet ved ei eik utanfor bymuren i Wittenberg.

26. mars 1521 mottok Luther ei innkalling til riksdagen i Worms. Karl 5., av Spania, var nyleg krona til keisar i Worms. Dette hende samstundes med at Luther var lyst i bann av paven. Keisaren såg det som si fyrste oppgåve å på ny oppretta religiøs einskap i riket. Han var ein truande katolikk og meinte at Luther var ein kjettar.

Luther møtte opp i april 1521. Han vart pressa til å svara ja eller nei på spørsmålet om han ville vedkjenna seg sine skrifter og trekkja dei attende eller ikkje. Luther stod fast på sitt og sa: «*Her står eg og kan ikkje anna. Gud hjelpe meg. Amen*».

Med det var alle bruer brende, både i høve til pavedømmet og til den øvste verdslege styresmakta, keisaren. Han vart lyst fredlaus og fråteken alle sine borgarlege rettigheitar i keisardømmet.

På vegen attende til Wittenberg vart han ført bort av kurfyrst Fredrik sine menn og halden i skjul i borga

Kyrkje og kultur i Sirdal 6

Wartburg.

Dei ti månadane han sat der, nytta han godt. Han oversette Det nye testamentet (NT) til tysk frå latin og gresk på 11 veker. Slik kunne langt fleire lesa NT på sitt eige mål. 6000 NT vart trykt opp og selde på tre månader.

Etter riksdagen i Worms i 1521 kalla keisaren inn til fleire riksdagar, ein gong i Speier i 1526, og ein gong i Augsburg i 1530. Hovedsaka var religionsspørsmålet. Luther hadde fleire evangeliske kurfyrstar på si side, mens andre var imot. Dei klarte ikkje å verta samde i 1526. Dei evangeliske representantane protesterte der.



### **Borga Wartburg kor Luther blei halden i skjul i 1521**

Difor vert vi kalla for «protestanter» den dag i dag. I 1530 la Luther sine menn med Philip Melanchthon i spissen, fram ei luthersk forståing av Skrifta. Luther kunne ikkje møte opp sjølv, då Augsburg lå i eit område der han ikkje kunne vera trygg. Såleis fekk vi «Den Augsburgske vedkjenninga», som Den norske kyrkja byggjer på.

Tekst og foto: **Aud og Rolf Petter Eriksen**

### **Bibelen på eit språk folk kunne forstå.**


Ein viktig tanke for Martin Luther var at folk skulle kunne lesa Bibelen på sitt eige språk. Det skulle ikkje berre vera prestane som kunne forstå det dei las. Bibelen skulle vere tilgjengeleg for alle!

Difor omsette han Bibelen til tysk i 1521, og difor har vi seinare fått både omsetjingar til dansk og norsk, både bokmål, nynorsk og ulike samiske språk.

I 1550 gav den dansk-norske kong Christian III ut den første danske bibelen, som også skulle brukast i kyrkjene i Norge. På neste side kan du lese den spanande historia om korleis Tonstad kyrkje snart skal få tilbake sin «Reformasjonsbibel» frå 1550!

# Flott gåve til Tonstad kyrkje: Kong Christian III sin bibel - «Reformasjonsbibelen»

For ei tid tilbake blei kyrjekontoret kontakta av Torvild Valle, gift med Tordis Josdal, på vegne av slektningar i USA, som eig ein gammal bibel frå 1550. Bibelen hadde ei gong for lenge sidan tilhørt Tonstad kyrkje, og no lurte dei på om kyrkja var interesserte i å få bibelen tilbake? Det var soknerådet sjølv sagt veldig interessert i, og søndag 17.september kjem denne sjeldne bibelen «heim» att under gudstenesta kl 11.00. Sjølv sagt i Tonstad kyrkje! Men lat oss sjå litt på historia bak denne heimkomsten.



## Gåve til Tonstad kyrkje

For 389 år sidan, i 1628, blei eit eksemplar av den såkalla Reformasjonsbibelen frå 1550 (sjå faktaboks) gitt i gåve til Tonstad kyrkje. Gåva blei gitt av kong Christian Quart, truleg i samband med innviing av ny kyrkje. 214 år seinare, i 1842, blei bibelen selt til Kolben Tollaksen Finsnes på kommunal auksjon. Ifølgje handskrivne notat i bibelen, blei han seinare selt til Ole Johannessen Helle frå Lindeland. Til sist hamna bibelen i USA. Torvild Valle har sett nærare på korleis det gjekk til:

*- Eg er gift med Tordis Josdal. Mor hennar Margit var fødd i Minnesota, og i 1989 var vi på vitjing hos familien hennar der. Mellom anna vitja vi Sidney Sivertsen. Han var ivrig etter å vise oss ein gammal bibel han eigde, som synt seg å vere eit eksemplar av Christian III sin bibel frå 1550 (sjå faktaboks).*

## Lindeland familien

Men korleis hamna nett dette eksemplaret av Bibelen i USA? Vi må attende til Ole Johannesen Helle frå Lindeland.

*- Lindeland var vel opphavsleg ein gard, men alt før 1600 blei garden delt i to. Etter kvart blei det fleire delingar mellom søsken, og på slutten av 1800 tallet var det i alt åtte bruk. Det sei seg sjølv at det var smått om levebrødet for ein stor familie.*

## Bertha reiser til Amerika

*På ein av dei minste gardene, som vart kalla Johans-bruket, og som oppsto ved ei deling i 1820, budde Ole Bjørnsen Lindeland. Son hans, Johannes Olsen Lindeland, hadde seks søner og ei dotter. Tre av gutane drog til Amerika: Ole Gabriel i 1865, Ommund i 1867 og Ståle i 1873. Dei slo seg ned og etablerte farmar i Minnesota.*

*Eldste son av Johannes, Ole Johannesen Lindeland, budde på Johans-bruket ei stund, men bruket blei i 1867 tatt over av Ole sin onkel, og Ole kjøpte i 1873 garden Helle (i Flekkefjord?) for 400 daler, og tok namnet Helle. Han hadde to døtre, Bertha, f. 1881 og Ingeborg, f. 1883. Ole døde i 1900 og Bertha tok over eigedomen Helle. I 1902 solgte ho Helle og reiste til Amerika, til onklane sine der, saman med Ingeborg. Ole Johannesen Helle eigde altså bibelen i 1874 og fram til sin død i 1900. Det er tydeleg at Bertha arva bibelen etter far sin, og ho tok han med seg til Amerika. Her blei ho gift med Anton Sivertsen, og det var deira son Sidney som viste meg han. Det er dotterdotter til Sidney, Rachel Bolte, som no vil gi bibelen attende til Tonstad kyrkje.*

**Det er vi svært glade for, og vi vonar mange frå heile Sirdal får med seg denne store hendinga 17.september!** Etter gudstenesta er alle velkomne til middag på Kulturhuset. Her blir det meir informasjon om bibelen samt anna program.

**Torvild Valle og Henning Huseby Jansen**

*PS: Dersom nokon av lesarane kjenner til historia rundt denne bibelen eller Bertha si reise til USA, er vi svært interessert i at de tek kontakt med oss.*

## Fakta om Reformasjonsbibelen

- Kong Christian III styrte Danmark/Noreg (D/N) frå 1534 til 1559.
- Slutta seg til den lutherske læra. Innførte reformasjonen i D/N.
- Ville lage ein samla bibel til bruk i alle kyrkjer. Ferdig i 1548.
- Kongen fekk ein tysk boktrykkar, Ludwig Dietz, til København for å trykke verket.
- Christian III sin bibel kom ut i 1550, og var forsynt med eit stort tal tresnittillustrasjonar frå Luther sin bibel.
- Bibelen hadde meir enn tusen sider og vog innpå 5 kilo!
- Dette var den første heile Bibelen på dansk. Noko norsk skriftspråk eksisterte enno ikkje.

# Reformasjonen og demokratiutviklinga

*«Ei historisk utvikling har alltid fleire årsaker. Reformasjonen har vore viktig for den demokratiske utviklinga me har hatt i landet vårt og landa rundt oss», skriv Magnar Undheim i denne artikkelen.*

For Luther var det viktig at kristendommen skulle vera personleg, eit tilhøve mellom Gud og det enkelte menneske. Messe på latin skulle avløyast av preike på morsmålet og felles salmesong. I så måte var det heldig at boktrykkarkunsten nyleg var oppfunnen. Bibelen vart omsett til tysk og dansk, og me fekk trykte salmebøker, huspostillar og andaktsbøker. Tanken var at fleire skulle læra å lesa, og det vart bygt skular for å utdanna folk. Likevel var dei fleste analfabetar.

## Konfirmasjon og skule.



«En Catechisation» - litografisk reproduksjon av eit måleri av Adolph Tidemand (1854)

På 1700-talet gjekk det ein sterk pietistisk straum over Europa der eit levande og personleg gudsforhold vart sett i fokus.

*«Fremst i rekkja av lekfolk som kom på kant med prestar og kyrkja, var Hans Nilsen Hauge».*

Konfirmasjonsordninga av 1736 voks ut av pietismen og var eit sterkt puff til meir opplæring. Innføringa av allmenn skulegang kom straks etterpå som ein logisk konsekvens av konfirmasjonen.

## Hans Nilsen Hauge.

Pietismen sitt krav om ei levande og personleg tru kombinert med opplysningstida si hylling av kunnskap på mange område, la grobott for avvikande meiningar.

Statskyrkja sette klare og snevre grenser for kva som var tillate av åtferd og meiningar. Konventikkelplakaten av 1741 sette forbod for

lekmenne å tale i forsamlingar. Det var prestane som var lærde og derfor i stand til å lære bort Guds ord. Folk skulle tenkja sjølv og ha ei personleg tru, men hadde ikkje lov til å formidla det dei tenkte og meinte til andre. Det vart konflikhtar mellom lekfolk og kyrkja.



**Hans Nielsen Hauge**

1771—1824

Fremst i rekkja av lekfolk som kom på kant med prestar og kyrkja, var Hans Nilsen Hauge. Han reiste ein umyndig allmue til kamp mot prestskapet i religiøse spørsmål og vekte bøndene til kamp mot byborgarane sitt herredøme på det økonomiske planet.

Ein kan vanskeleg finna nokon annan person eller masserørsle som har påverka utviklinga i landet vårt i same grad som han.

Hauge vurderte og kritiserte folk i maktposisjonar, deriblant prestane, ut frå personleg tru og overtving. Tilhengarane hans gjorde det same, og deriblant var det også kvinner.



«Haugianarane» av Adolph Tidemand (1852)

Dei tok kampen og konfliktane og vann fram. I religiøs samanheng er dette ei demokratisering. Prestane hadde ikkje lenger monopol på den rette læra.

### Viktig for den politiske utviklinga

Men like viktig er denne haldninga i politisk samanheng. Folk som tidlegare hadde kjent seg mindreverdig, stod nå opp som sterke og modige leiarar.

*«Utan Haugerørsla ville  
«Bondestortinget» på 1830-  
talet vore utenkeleg»*

Det var viktig for det nye demokratiet som var tufta på grunnlova av 1814. Utan Haugerørsla ville «Bondestortinget» på 1830-talet vore utenkeleg. Lova om lokalt

sjølvstyre er eit barn av dette. Me fekk kommunestyre i kvar ei bygd og kvar ein by.

### Samling i lag og foreiningar

Frå midt på 1800-talet får me ein svært omfattande vekst av lag og foreiningar som gjennomsyrrar samfunnet. Størst av dei er dei kristne misjonsforeiningane. Her er det kvinnene som herskar og styrer. Kvinnene hadde vore vane med å måtta tia i forsamlinga, nå fekk dei ein arena der dei leia møte og heldt andakt for andre. Dette vart ei viktig



*Kvinneforeiningane vart ei viktig plattform for den utvidinga av demokratiet som kvinnene representerte ved slutten av 1800-talet.*

plattform for den utvidinga av demokratiet som kvinnene representerer ved slutten av 1800-talet og frametter heilt opp mot vår tid.

Eit velfungerande demokrati kan aldri fungera utan myndige personar med tru på seg sjølv. Det har med haldning å gjera, og reformasjonen var med på å fremja det myndige mennesket.

**Magnar Undheim**

## Gløymt kontantar? No kan du gi kollekt i alle kyrkjene våre med **VIPPS!**

Gåva du gir går til det føremålet som er kunngjort i gudstenesta, og vert belasta bankkortet ditt (Visa eller MasterCard)

Du kan nytte appen **VIPPS**.

Appen kan lastast ned frå AppStore for iPhone og Google Play for andre telefonar. Du treng ikkje ha konto i DNB for å nytte **VIPPS**.

### Slik gjer du for å innstallere appen:

- Gå inn på AppStore el. Google Play
- Søk etter appen **VIPPS**
- **HENT, INNSTALLER** og **ÅPNE**
- Følg bruksanvisninga, steg for steg

### Slik kan du gi kollekt med VIPPS:

- Åpne appen, og slå **PIN-koden** din
- Trykk på **+** teiknet oppe til høgre
- Trykk **Send penger**
- Søk opp **namn på den kyrkja du er i**
- Skriv inn **beløp** du ønsker å gi
- Trykk **Neste** oppe i høgre hjørne
- Gjennomfør betalinga ved å trykke **Betale** nedst på skjermen

**Takk for gåva!**



# Humoristisk teateroppsetting i Sirdal Kulturhus siste helga i oktober

I samband med feiringa av reformatjonsjubileet, inviterer kulturutvalet i kyrkja til ei flott teateroppsetting i Kulturhuset **laurdag 28.oktober kl 19.00!**

Det er teatergruppa med det spenstige namnet «**Ryfylke Livsgnist**» som kjem for å framføre «**Luther med latter**», «- eit skråblikk på 500 år i lutherske spor».

Stykket er både ein historisk, humoristisk og musikalsk kommentar til 500-årsjubileet for reformatjonen, og har fått strålende kritikk der det har vore vist.

Framsyinga er støtta av Sirdal kommune og Vest Agder fylkeskommune- kultur. Billettar kr 200 på Service-torget, Kyrkjesenteret og i døra. **VEL MØTT!**



# Gardsnamn i Sirdal: Fidjeland

Fidjeland blei truleg dyrka og busett for minst 1500 år sidan. Garden var ganske velstående samanlikna med andre gardar i Sirdal. Det var i alle fall tre større gravhauger på garden, men desse blei sletta etter kvart som garden blei oppdyrka. På gamalnorsk tyder namnet Fidjeland "Frodig grasmark ved sjø eller elv".



## Svartedauden

Som høvet er på mange gardar i Sirdal, vart garden ramma av epidemiar som gjorde at garden låg meir eller mindre aude i lang tid. Segna fortel at då Svartedauden råka garden i 1350-åra var det tre huslydar der. Dei budde i eit langt lån, der alle husa og fjøsa var bygd slik at dei danna ei lang husrekke. I to av husa døydd alle, medan ei enke og to barn overlevde i det eine. Dei hadde samla store mengder med raun- og asalber som dei åt. I tillegg hadde guten laga ein krans av barlind som han festa på ytterdøra for

å skræma bort vonde vetter. Om det var maten dei åt, asalbera eller noko anna som berga dei veit ingen.

Fangst av ryper, storfugl og reinsdyr har vore viktig for folket på garden frå gamalt av.

## Utleige

På 1800-talet fekk folket på Fidjeland og innkome av å leiga ut fjellet til jærabøndene som nytta det som sumararbeite for sauene sine. Seinare kom turistane til garden og gav ekstra innkome til Fidjelandsbøndene.

Så alt frå gammalt av har dei vore haldne som framifrå gjeve. Særskild vart dei kjende for dei store og sterke hestane (faksane) sine. Difor heiter det i bygderimet:

*"Fidjelannsfeggen åtte  
fagraste faksen i blånane sju.  
Akta fålane dokka, folk,  
her kjeme Fakse Fidjeland".*

Tekst: **Steinar Tjomlid**

Foto: **Per Magne Sinnes**

## Abonnere på bladet Kyrkje og kultur i Sirdal?

I bladet «Kyrkje og kultur i Sirdal» kan du lese om stort og smått som skjer i Sirdal, intervju med folk som bur her eller har budd her, du kan få vite meir om gardsnamn i dalen og når tid det skal vere gudsteneste i kyrkjene våre. Ordføraren har si eiga spalte, kva som går på kino eller når Tonstadbadet er ope - alt dette finn du i bladet.

K&K nr 3/17 kjem i ekstra opplag, med særleg tanke på utdeling til turistar og andre som ikkje får bladet i postkassa. Det er mogleg å tinge bladet for kven som helst mot ein kontingent på kr 150,- pr år. Då får du bladet fire gonger i året heim til deg, eller til hytteadressen din, det er opp til deg. Det er sjølvsagt også mogleg å tinge bladet som ei gåve til utflytta born eller andre.

For å tinge bladet, kan du ringe eller sende ein sms til 97633127, sende ein mail til [post@sirdal.kyrkja.no](mailto:post@sirdal.kyrkja.no) eller sende brev til Kyrkje og kultur, Sirdal sokneråd, Pb 133, 4441 Tonstad. Vi treng namn og adresse, og eventuelt namn på givar dersom det er ei gåve. **Velkomen som lesar!**



## Sjeldan konsert onsdag 6.sept. kl 19.00 i Tonstad kyrkje

Me gjentek suksessen frå i fjor og inviterer igjen til konsert med fiolinisten Laurens Weinhold, onsdag 6/9 kl. 19.00 i Tonstad Kyrkje! Denne gongen har han med seg den unge norske pianisten Ole-Christian Haagenrud, som er ein av dei mest lovande unge pianistane her i landet. Haagenrud har halde konsertar i inn- og utland, mange er overført i radio. Han har også hatt konsertar med Kringkastingsorkesteret og Bergen Filharmoniske orkester. Laurens Weinhold er trass sin unge alder erfaren med konsertscener i fleire land, og skal i år som i fjor, spele ved sommarkonsertane i Stavanger Konserthus. Me vil

få høyre verk av m.a. Bach, Mozart og Paganini. Nytt sjansen til å høyre desse framifrå unge musikarane! Dette blir verkeleg ei feststund i Tonstad Kyrkje! Billettar kr 100 ved inngangen.

Tekst: Kjetil Øygard Eidevik

Foto: Nancy Horowitz

Foto: Privat



## Songgudsteneste under Sirdalsdagane

Søndag 3. september, under Sirdalsdagane, blir det ein litt annleis gudsteneste i Kvæve-moen kapell. Me kallar det songgudsteneste, og namnet talar i grunnen litt for seg sjølv. Det blir ei gudsteneste med mykje song og musikk, både allsong og solosong. Me vonar mange songglade sirdølar og tilreisande vil finne vegen til kapellet på Kvæven kl. 11.00 søndag 3.sept.

Vel  
møtt!



## JUBILEUM FOR MISJONSBASAREN PÅ ØKSENDAL



Den årlege misjonsbasaren på Øksendal blir i år **21. oktober kl. 18.00**. Dei drivande personane gjennom ALLE åra denne basaren har vore til, er søstrene Ester Øksendal og Bjørg Haugdom.

I haust blir det jubileum med basar nummer seksti i ubroten rekke! Dette står det stor respekt av! Men Bjørg og Ester får den hjelpa dei treng frå mange gode menneske i kretsen. Lukke til, og vel møtt!

SET

## Konsert med Maria Arredondo, Torstein Sødal og Sirdal Blandakor!



Til hausten, nærare bestemt **Allehelgenssøndag 5/11 kl. 19.00**, blir det ein spanande konsert i Tonstad kyrkje! Då får me besøk av Maria Arredondo og Torstein Sødal! Paret har hatt konsert i Sirdal tidlegare også, og det er nok mange som vil gle seg over at dei vil gjeste oss igjen. Med på konserten blir også Sirdal Blandakor, som får vere med på nokre songar saman med dei kjende artistane. Repertoaret vil vere variert, og det blir både musikalstoff, viser, gospel og andre religiøse songar. Det blir mogleg både å kjøpe billetter på førehand på Kyrkesenteret, og ved døra. Kr 250. Sjå elles plakatar, Facebook og annonser når datoen kjem nærare. **Gå ikkje glipp av denne konserten!**

KØE

# Verksemd på Tonstad bedehus

## August

Torsdag 31. kl 19.30 Bønesamling

## September

Aksjon frå 5-17.sept - Sjå eigen omtale

Søndag 10. kl 11.00 Storsamling

Søndag 17. kl 17.00 Storsamling

Onsdag 20. kl 17.00 Barnebasar

Torsdag 21. kl 19.00 Basar

Søndag 24. kl 11.00 Storsamling

Torsdag 28. kl 19.30 Nattverdmøte

Fredag 29. kl 19.30 Profilmøte

## Oktober

Søndag 1. kl 19.30 Kveldsmøte

Torsdag 5. kl 19.30 Bønesamling

Laurdag 7. kl 18.00 Basar Hompland

Søndag 8. kl 11.00 Storsamling

Torsdag 12. kl 19.30 Bønesamling

Søndag 15. kl 19.30 Kveldsmøte

18-22.okt

Laurdag 21. kl 18.00 Basar Øksendal

Søndag 22. kl 11.00 Storsamling

Torsdag 26. kl 19.30 Nattverdmøte

Søndag 29. kl 19.30 Kveldsmøte

## November

Torsdag 2. kl 19.30 Bønesamling

Laurdag 4. kl 19.00 Basar Omlid

Søndag 5. kl 11.00 Storsamling

Torsdag 9. kl 19.30 Bønesamling

Søndag 12. kl 19.30 Kveldsmøte

Torsdag 16. kl 19.30 Bønesamling

Søndag 19. kl 11.00 Storsamling

Torsdag 23. kl 19.30 Møte

24-25.nov. - Julemesse Kulturhuset

## Bli med på bedehusweekend!

Stad: Evjetun, 25.- 27.august 2017

Eige opplegg for born og ungdom.

